



Uskedalen sin Hamnesjef var vakt under kajakkurset på Stølavikjo i dag.

Festidalen trong ikkje bruka egne vakter på kajakkurset på Stølavikjo i dag. 11 kursdeltakarar og to instruktørar vart passa godt på av sjølvaste Hamnesjefen. Ingen fekk koma forbi og ingen fekk koma for nærre i den tida alle fekk grunnleggjande innføring i kajakkpadling. Hamnesjefen med svanemor og sju ungar la frå land saman med padlarane.



Kursdeltakarane er klar med kvar sin kajakk og utstyr.

Øyvind Hatteberg og Sverre K. Myklebust frå Kvinnherad turlag var instruktørar. Kurset var eit introduksjonskurs for nye padlarar. Nokre hadde ikkje vore i kajakk før. Innføringa la vekt på sikkerhet, utstyr, ombordstiging, stabilitet og det å føla seg trygg på sjøen.



[Øyvind Hatteberg](#) syner ombordstiging og det å koma seg frå land.

Den fyrste padlinga gjekk ut til Vetlaskjeret. Alle var godt sikra og instruktørane hadde god oversikt om noko uventa kom til. Neste etappe går rundt Holmen og inn på Nesjevikjo. Der skal ein prøve rulle og det å koma seg ut av kajakken ved velt. For dei som maktar det, vert det lagt inn øvingar på å koma seg oppi kajakken att om uhellet skulle vera ute.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Tilvenjing og klar for den fyrste padleturen ut til Vetlaskjeret på Holmen.